



Roald Sletten
Keilegavlsvegen 34
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1345 - 19/24926

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
10.10.2019

Landbrukssak Gbnr 125/2 Keilen - landbruksveg - vedtak

Administrativt vedtak. Saknr:

Saksutgreiing

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 125/2 i Lindås kommune.

Saksopplysningar:

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen.

Vegen skal gje tilgang til 30 daa skog. Det skal byggjast om lag 200 m ny veg i vegklasse 8.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål*, FOR 1996-12-20 nr. 1200, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Vegtrasse val

Delar av eigedomen er bratt og det er utfordrande å komme til skogen i dag. Vegen opnar for lettare drift av areala og det er ikkje kostnadssvarande å bygge i ein betre vegklasse.

Landbrukskontoret har hatt synfaring på staden og er samde i at vegen har nytte for drift av utmarka på eigedomen.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.



Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner, fylkeskommunen var på synfaring og gav følgjande uttale:

Det er nå gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i området. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar. Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Vedtak:

Roald Sletten får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 125/2 i Lindås kommune. Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med vegen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Vegen skal byggast slik kartet viser.
- Vegen skal ferdigstillast innan 22.10.2022.

Vedtaket er gyldig til 22.10.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf. FOR-1996-12-20-1200 § 3-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Andreas Granli

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Roald Sletten

Keilegavlsvegen 34 5953

FONNES